

Notat

Dato: 20.05.2019
Arkivsak: 2018/15997-15
Saksbehandlar: kriange

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiar Rune Haugsdal

Partssamansetting og reglement for yrkesopplæringsnemnda i nye Vestland fylkeskommune

Oppnemning og samansetning av yrkesopplæringsnemndene er regulert i opplæringslova § 12-3. I denne vert det ikkje lagt nokon føringar med omsyn til talet på medlemmer i nemnda eller kva organisasjonar som skal vere representerte, utover at partane i arbeidslivet skal ha fleirtal i nemnda og at det skal vere minst ein representant for elevar, lærlingar og lærekandidatar. Medlemmene i nemnda, med personlige varamedlemmer, skal til saman ha brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål. Nemnda konstituerer seg sjølv og funksjonstida er den same som for fylkestinget.

Tidsplanen for oppnemning av ei yrkesopplæringsnemnd i nye Vestland fylkeskommune er at det vil bli levert eit saksframlegg til fellesnemnda i september og sak om oppnemning i nytt fylkesting i oktober.

Elles vart det hausten 2018 sendt ut ei høyring frå Kunnskapsdepartementet. I høyringa føreslår departementet å endre opplæringslova slik at alle organisasjonane som i dag er representert i det nasjonale Samarbeidsrådet for fag- og yrkesopplæringa (SRY) får ein rett til å vere representert i dei fylkeskommunale yrkesopplæringsnemndene.

Høyringa er framleis under behandling og det er etter vår kunnskap ikkje bestemt noko enno.

Både Sogn og Fjordane og Hordaland har sendt inn høyringsuttaler, og har ulike tilnærmingar. Dette kjem fram i dei to høyringssvara frå fylkeskommunane.

Link til høyringa: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-forslag-til-endring-i-opplæringsloven.-opplaring-i-kvensk-og-yrkesopplæringsnemnder/id2615716/>